



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 10.03.2020
Tid: 08.15 – 10.30

Faste medlemmar som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|-----------|---------------|
| Elisabeth Kirkholm | Leiar | H |
| Silje Ekroll Riborg | Nestleiar | Sp |
| Hilde Iren Sætre | Medlem | H |
| Kenneth Rusten | Medlem | TvP |
| Torbjørn Rekdal | Medlem | Frp |

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Frå Vest kontroll møte:

| Namn | Stilling |
|-----------------|--------------|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar |

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

| Namn | Stilling |
|---------------|---------------------------|
| Halldis Moltu | Oppdragsansvarleg revisor |

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

| Namn | Stilling |
|----------------|------------------------------|
| Olav Myklebust | Ordførar |
| Trond Aglen | Kommunedirektør i sak 5 og 6 |
| Tove Kvamme | Konsulent i sak 5 og 6 |

SAKLISTE

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
SAK 03/20 MELDINGAR
SAK 04/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019
SAK 05/20 KOMMUNEDIREKTØREN OG KONTROLLUTVALET.
FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
SAK 06/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE
VEGAR
SAK 07/20 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
SAK 08/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
SAK 09/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019
SAK 10/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
SAK 11/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020
SAK 12/20 INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET
SAK 13/20 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 01/20 | 033 | 18.02.2020 | 10.03.2020 | KS |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent. Drøftingane i sak 5 og 6 vert teke samla.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 02/20 | 049 | 18.02.2020 | 10.03.2020 | KS |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.11.2019.

Vedlegg

1. Møteprotokollen frå møtet 20.11.2019.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 03/20 | 033&17 | 03.03.2020 | 10.03.2020 | KS |

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Kontrollutvalet tek opp oppfølging av selskapskontrollen av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når rekneskapen for 2019 ligg føre.

I møtet

Revisor Halldis Moltu orienterte vedkomande tilbakemeldinga frå SSR – Selskapskontrollen.

Oppfølginga frå kontrollutvalet vert når rekneskapen for SSR ligg føre.

Vedlegg

Dokument. Selskapskontroll – Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS. Datert 20.12.2019.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 04/20 | 033&58 | 19.02.2020 | 10.03.2020 | KS |

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

| | | | | |
|---|--------------|--------------|--------------|---------------------------|
| Administrasjonsutvalet: | 26.11 | | | |
| Eldrerådet: | 18.11 | | | |
| Evalueringsgruppe Skulestruktur: | | | | |
| Formannskapet: | 22.10 | 05.11 | 26.11 | |
| Helse- og oppvekstutvalet: | 20.11 | | | |
| Kommunestyret: | 15.10 | 21.10 | 22.10 | 05.11 10.12 |
| Næring-, teknisk- og miljøutvalet: | 20.11 | | | |
| Råd for likestilling av funksjonshemma: | 18.11 | 03.12 | | |
| Ungdomsrådet: | 06.11 | 18.11 | | |
| Valstyret: | | | | |
| SSR IKS – styret | | | | |
| SSR IKS – representantskapet | | | | |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|--------------|-----------|------------|------------|----------------|
| 05/20 | 033 | 18.02.2020 | 10.03.2020 | JS/KS |

KOMMUNEDIREKTØREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige informasjonen til vitende.

I møtet

Sakene 05 og 06, teken under samla.

Ordførar Olav Myklebust og kommunedirektør Trond Arne Aglen møtte.

I deler av saka møtte også konsulent Tove Kvamme.

Flg. kom fram som presisering og tillegg til det som kjem fram under saksopplysningar:

- Kontrollutvalet/sekretariatet får høve til orientere om funksjonen til kontrollutvalet i eit kommunestyremøte.
- Når sekretariatet sender over saker til kommunen skal det gå til postmottaket med evt. kopi til vedkomande som saka skal til.
- Kontrollutvalssaker som skal til behandling i kommunestyret kjem opp først/tidleg i møtet.
- Saker som vert sende over til kommunestyret vert tekne opp fortløpande.
- Dersom kontrollutvalet, sekretariatet eller revisjonen skal presentere noko i kommunestyret. . Då opnar Ku leiaren og gir deretter ordet til den som skal presentere. Det gjeld også om ein i samband med behandling av ein forvaltningsrevisjon skal vise ein Power Point.

- Dersom ordførar eller rådmann skal orientere eller svare på spørsmåla til kontrollutvalet må dei ha eiga melding om det god tid på førehand. Kontrollutvalet må vere tydelege på kva dei ynskjer orientering om
- Ynskje om orienteringar skal gå til kommunedirektøren. Det gjeld også om kontrollutvalet ynskjer at ein bestemt tenesteperson til orientering. Kommunedirektøren av gjer uansett om han sjølv eller ein tilsett skal stå føre orienteringa.
- Ved orienteringsbesøk/verksemdbesøk skal kommunedirektøren ha melding og avgjer som andre tilsette enn dei som jobbar i verksemda skal delta.
- Kommunedirektøren vil orientere i neste om Fleirbrukshallen på Larsnes.
- Nestleiar i kontrollutvalet Silje Ekroll Riborg vil i eit møte orientere om mulighetene for innsyn bl.a. bruk av postjournal.
- Kommunedirektøren opplyste at Fylkesmannen har godkjent budsjettet for 2020.

Saksopplysningar

- Kommunedirektøren har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at kommunedirektøren er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at kommunedirektøren får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Kommunedirektøren bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Kommunedirektøren har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person,. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til kommunedirektøren) eller vil kommunedirektøren at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og kommunedirektøren ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og kommunedirektøren er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 06/20 | 033 | 18.02.2020 | 10.03.2020 | JS |

ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige informasjonen til vitende.

I møtet

Sakene 05 og 06, teken under samla.

Ordførar Olav Myklebust og kommunedirektør Trond Arne Aglen møtte.

I deler av saka møtte også konsulent Tove Kvamme.

Flg. kom fram som presisering og tillegg til det som kjem fram under saksopplysningar:

- Kontrollutvalet/sekretariatet får høve til orientere om funksjonen til kontrollutvalet i eit kommunestyremøte.
- Når sekretariatet sender over saker til kommunen skal det gå til postmottaket med evt. kopi til vedkomande som saka skal til.
- Kontrollutvalssaker som skal til behandling i kommunestyret kjem opp først/tidleg i møtet.
- Saker som vert sende over til kommunestyret vert tekne opp fortløpande.
- Dersom kontrollutvalet, sekretariatet eller revisjonen skal presentere noko i kommunestyret. Då opnar Ku leiaren og gir deretter ordet til den som skal presentere. Det gjeld også om ein i samband med behandling av ein forvaltningsrevisjon skal vise ein Power Point.
- Dersom ordførar eller rådmann skal orientere eller svare på spørsmåla til kontrollutvalet må dei ha eiga melding om det god tid på førehand. Kontrollutvalet må vere tydelege på kva dei ynskjer orientering om
- Ynskje om orienteringar skal gå til kommunedirektøren. Det gjeld også om kontrollutvalet ynskjer at ein bestemt tenesteperson til orientering. Kommunedirektøren av gjer uansett om han sjølv eller ein tilsett skal stå føre orienteringa.
- Ved orienteringsbesøk/verksemdbesøk skal kommunedirektøren ha melding og avgjer som andre tilsette enn dei som jobbar i verksemda skal delta.
- Kommunedirektøren vil orientere i neste om Fleirbrukshallen på Larsnes.
- Nestleiar i kontrollutvalet Silje Ekroll Riborg vil i eit møte orientere om mulighetene for innsyn bl.a. bruk av postjournal.
- Kommunedirektøren opplyste at Fylkesmannen har godkjent budsjettet for 2020.

Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om han har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid han kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker han bør delta på, i møte vi veit at han kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

| Saknr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---------|-----------|------------|------------|----------------|
| 07/20 | 232 | 03.03.2020 | 10.03.2020 | JS |

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten, av 17.02.2020
- Årsrapport 2019 Skatteoppkrevjaren, av 21.01.2020
- Årsrekneskap 2019 for skatterekneskapen, av 14.01.2020
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019, av 17.01.2020

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:
Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Arbeidsgivarkontroll er i stor grad utført i tilstrekkeleg omfang 4,4%. (3,2% i 2018). Kravet er 5%.
- Alle resultatkrav nådde (svært godt resultat) bortsett frå forskotsskatt personlege skatteytarar.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 er kr 75.383.521. I 2018 var skatteinngangen kr 68.935.839. Dvs. ein auke på kr 6.447.682, eller om lag 9.35%.

| Saknr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---------|-----------|------------|------------|----------------|
| 08/20 | 033 | 02.03.2020 | 10.03.2020 | KS |

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen slik: 12. mai, 9. juni, 9. september, 13. oktober og 18. november.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 10. mars sett opp møte 12. mai, 9. juni, 9. september, 13. oktober og 1 november.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 09/20 | 033 | 02.03.2020 | 10.03.2020 | KS/JS |

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 10/20 | 033 | 02.03.2020 | 10.03.2020 | KS/JS |

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 11/20 | 033&58 | 19.02.2020 | 10.03.2020 | KS |

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet fordeler arbeidet mellom seg slik:

| | |
|---------------------------------|----------------------|
| Administrasjonsutvalet | Elisabeth og Kenneth |
| Eldrerådet | Torbjørn og Silje |
| Evalueringsgruppe Skulestruktur | |
| Formannskapet | Elisabeth og Kenneth |
| Helse- og oppvekstutvalet | Elisabeth og Silje |

| | |
|--|----------------------|
| Kommunestyret: | Alle |
| Næring-, teknisk- og miljø | Hilde og Kenneth |
| Råd for likestilling av funksjonshemma | Torbjørn og Silje |
| Ungdomsrådet | Torbjørn og Hilde |
| Valstyret | Elisabeth og Kenneth |
| Selskap | Elisabeth |

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

| | | | | | |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Eldrerådet: | 06.01 | 11.02 | | | |
| Evalueringsgruppe Skulestruktur: | 03.01 | 13.01 | 27.01 | 03.02 | 10.02 |
| Formannskapet: | 14.01 | 28.01 | 25.02 | | |
| Helse- og oppvekstutvalet: | 22.01 | 12.02 | | | |
| Kommunestyret: | 04.02 | | | | |
| Næring-, teknisk- og miljøutvalet: | 22.01 | 12.02 | | | |
| Råd for likestilling av funksjonshemma: | 11.02 | | | | |
| Ungdomsrådet: | 23.01 | 10.02 | | | |
| Valstyret: | | | | | |

SSR IKS – styret

SSR IKS – representantskapet

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|--------------|-----------|------------|------------|----------------|
| 12/20 | 217 | 03.02.2020 | 10.03.2020 | JS |

INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ser ikkje skulenedleggingssaka er ei sak for kontrollutvalet på noverande tidspunkt.
2. Kontrollutvalet sender innspelet om evt. ny forvaltningsrevisjon på heimesjukepleia over til vurdering i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for inneverande planperiode.

I møtet

Ordførar og kommunedirektør orienterte.

Det er ikkje gjort vedtak om skulestrukturen i kommunen.

Saksopplysningar

Det er kome to innspel:

1.

Etter budsjettvedtaket i sist kommunestyre har eg fått mange henvendingar med spørsmål angående lovlegheit av nedleggingsvedtaket på skulane. Ikkje unaturleg sidan representanten Bjørn Thore Hansen (TvP) stilte spørsmål om dette på møtet. Eg anar ikkje kor eg skal gå fram for å finne ut av dette, men tenkte det er ei sak for kontrollutvalet?

Vurdering

Proessen er starta. Ei nemnd har kome med ein rapport. Det er då for tidleg for kontrollutvalet å gå inn i saka. Alt må politisk behandlast. Vi bør be rådmannen om ei oppdatering om prosessen på neste møte.

2

Etter at eg snakka med deg om forvaltningsrevisjonen, av tenesteyting i heimsjukepleia, var eg i tvil om kva eg skulle gjere. Men etter ein tenkepause, og ny gjennomlesing av rapporten, synest eg at brukar har kome lite i fokus.

Det som revisor peiker på er ok, som hjelp til etaten.

Frå brukar si side er her ting som eg saknar.

1. Er tenesta dei får, av den kvalitet dei har rett på?

2. Har dei som utfører tenesta dei kvalifikasjonar som skal til?

3. Eg kan ikkje sjå at det er ført avvik, og avvik er heller ikkje etterlyst i rapporten.

4. Dei som er Intervjua om kvaliteten av tenesta, er leiarar av tenesta, kva med brukarar og pårørande, opplever dei at tenesta er ok?

5. Den Deskriptive analysen er etter mi meining av liten verdi, då bakgrunns opplysningane ikkje er sjekka opp.

Eg meiner at kvaliteten på tenesta må kvalitetssikrast på ein truverdig måte. Og det må bli system på avvikregistrering og lukking av dei.

Vurdering

Om det skal kome ein forvaltningsrevisjon på nemnde spørsmål må vurderast i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for inneverande planperiode.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 13/20 | 033 | 03.03.2020 | 10.03.2020 | KS |

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Silje Ekroll Riborg.

ORIENTERING

Til slutt i møtet orienterte kommunedirektør Trond Arne Aglen om strakstiltak kommunen set i verk vedkomande corona smittevern. Ei viktig årsak til strakstiltak er at Sande kommune, med få tilsette, er ei sårbar kommune om mange vert i karantene og smitta.

Møtet slutt.

Elisabeth Kirkholm
Leiar

Silje Ekroll Riborg
Nestleiar

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Kommunedirektør – til orientering.

Ordfører – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.